



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 25.11.2015

Sak nr.: 15/9151-5

Internt l.nr.: 51535/15

Sak: 122/15

Tittel: **Høring - Endringar i opplæringslova - friare skulevalg, høvetil å tilby meir grunnskuleopplæring m.m.**

Behandling:

Frå hovudutvalet for opplæring låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går i mot framlegget om friare skuleval over fylkesgrensene. For Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ein slik utvida rett truleg gje færre elevvar i eigne skuletilbod og ein vesentleg auke i kostnadene til gjesteelevvar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev si tilslutning til at det vert innført eit høve for kommunar og fylkeskommunar til å tilby meir grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1.
3. Hovudutvalet for opplæring vil peike på at dersom framlegget frå Regjeringa blir vedtatt, kan enkelte fylke kan få dimensjoneringsutfordringar for undervisningstilbodet dersom mange vel skular utanfor fylket. Det gjeld særleg distriktsfylke med relativt lågt elevgrunnlag og lange avstandar/mange hybelbuarar. Utviklinga på økonomien til fylka som har denne utfordringa må følgjast nøye, og sikre at skuletilbodet for dei resterande elevane i fylket ikkje blir urimeleg skadelidande.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti og Høgre sette fram slikt framlegg til pkt. 1 i vedtaket:

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget frå Kunnskapsdepartementet om friare skuleval over fylkesgrensene. Fylkeskommunen merkar seg at Ungdomspolitisk Utval støttar framlegget, og meiner ein bør legge stor vekt på ungdommen sine synspunkt i saker som så direkte vedkjem deira kvardag.

Avrøysting:

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen, Åshild Kjelsnes, Helen Hjertaas og Jakob André Sandal røysta for punkt 1 i tilrådinga frå hovudutvalet for opplæring. Marita Gunn Aarvik, Bjørn Erik Hollevik og Trude Brosvik røysta for framlegget til nytt punkt 1 frå Kristeleg Folkeparti og Høgre.

Punkt 2 og 3 i tilrådinga frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går i mot framlegget om friare skuleval over fylkesgrensene. For Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ein slik utvida rett truleg gje færre elevvar i eigne skuletilbod og ein vesentleg auke i kostnadene til gjesteelevvar.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev si tilslutning til at det vert innført eit høve for kommunar og fylkeskommunar til å tilby meir grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 til ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1.
3. Hovudutvalet for opplæring vil peike på at dersom framlegget frå Regjeringa blir vedtatt, kan enkelte fylke kan få dimensjoneringsutfordringar for undervisningstilbodet dersom mange vel skular utanfor fylket. Det gjeld særleg distriktsfylke med relativt lågt elevgrunnlag og lange avstandar/mange hybelbuarar. Utviklinga på økonomien til fylka som har denne utfordringa må følgjast nøye, og sikre at skuletilbodet for dei resterande elevane i fylket ikkje blir urimeleg skadelidande.